


Mykje yngel og småfisk i Uskedalselva.

20.10.2016



Genbank Hardangerfjord hentar fisk i Uskedalselva.

Ein god fiskeSESONG i Uskedalselva vart avslutta 15.september, og det skjer stadig arbeid for å forvalta ressursane i elva på best mogeleg måte. Leiar i elveeigarlaget , Anbjørn Høivik, fortel at Genbank Hardangerfjord var og henta fisk i elva 19.oktober, og etter det sende dei følgjande rapport:

'Vi har i dag gjennomført fangst i Uskedalselva til Genbanken. Omlag 14 aurar av ulik storleik står i buret. Vi såg mykje yngel og småfisk og omkring 5 laks, det var lovande!'

Det er svært kjekt at dei rapporterer om slike lovande tilstandar for elva vår.

Kristian Myhre var med og fekk lære mykje om fiskeforvalting den dagen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anbjørn Høivik